

Gangfeltet blir opphøgd**19.04.2010**

Kari Bråtun kryssar gangfeltet. No vert det opphøgd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Statens vegvesen har no kome med framlegg om at gangfeltet ved busslomma i Uskedalen blir opphøgd.

Dette vil gjera kryssinga tryggare. Det vil auka tryggleiken for dei mjuke trafikantane. Vegvesenet har god erfaring med opphøgde gangfelt.

Statens vegvesen opplyser at det gjennom Uskedalen er ein årsdøgntrafikk på ca. 2500.

Det er her eit skulesenter med 2-sidig busstopp på 'rett' side av vegen, men det er likevel ein del skuleborn som må krysse vegen i dette området kvar dag.

FAU og skuleleiinga har vore i kontakt med Statens vegvesen og Hordaland politidistrikt og etter einsynfaring vart det anbefalt å setta opp eit opphøgd gangfelt. Det er opplyst at gangfeltet skal byggjast som modifisert sirkelhump.

Politidistriket og kommunen skal uttale seg om saka innan 13. juni.

Fartsgrense på 50 kilometer i timen og skilt som varslar skuleborn blir som før.

Av Ola Matti Mathisen